

Fra: Svein Helgesen

NABOPRAT RANDABERG – RENNESØY - FINNØY – KVITSØY

Kortfatta referat frå storsamling og forhandlingsmøte 6. april

Tid og stad: Onsdag 6.april 2016 kl. 09.00 – 15.10. Kulturhuset i Rennesøy.

1. Storsamling

Tidsramme: kl. 9.00 – 13.30

Målgruppe: Forhandlingsutvala, formannskapsmedlemer, gruppeleiarar, administrativ toppleing og hovudtillitsvalde i dei fire kommunane.

Samlinga blei leia av Tor Øyvind Skeiseid fra Ryfylke Livsgnist.

Program:

- Velkomen til Rennesøy v/ordførar Dagny Sunnanå Hausken
- Skråblikk på dei fire staute og stridige v/Tor Øyvind Skeiseid
- Kva skal me gjera i dag? Kva er bakgrunnen målet med samlinga? v/Kristine Enger
- «Nå skal vi ha det gøy dere» - korleis gjer me dette? Me har ein jobb å gjera! Innleiing til arbeid med hovudtema 1: «*Visjon, verdiar mm.*» v/Tor Øyvind Skeiseid
- Dialogkafè om hovudtema 1
- Lunsj
- Gjennomgang med oppsummering av resultatata frå dialogkafeen v/kafevertane
- Innleiing til hovudtema 2: «*Arbeidsgjevar- og arbeidstakarperspektiv*» v/ Tone Dahl, personal- og organisasjonsjef i Randaberg
- Gruppearbeid om hovudtema 2. Kort oppsummering frå kvar gruppe.
- Avrunding v/Tor Øyvind Skeiseid
- Takk for i dag v/Kristine Enger

Presentasjon av Tone Dahl er vedlagt.

Innspela frå dialogkafeen og gruppearbeidet blei samla på flipoverark og vil bli tatt med inn i det vidare arbeidet med intensjonsavtale.

Oppfølging:

- Svein Helgesen tar ansvar for å gå gjennom og ta med innspel om visjon, verdiar mm. i arbeidet med eit førsteutkast til kapittel 2 i neste avtaleversjon, fortrinnsvis til 12. april.

- Tone Dahl tar ansvar for å gå gjennom og ta med innspel om arbeidsgjevar- og arbeidstakarperspektiv i arbeidet med eit førsteutkast til kapittel 7 i neste avtaleversjon, fortrinnsvis til 12. april.

2. Forhandlingsmøte

Tidsramme: kl. 13.35 – 15.10

Deltakarar:

Randaberg: Kristine Enger, Gunnhild Vårvik Tangeland, Kirsten Claussen og Magne Fjell

Rennesøy: Dagny Sunnanå Hausken, Jostein Eiane, Elin Schanche, Tor B. Harestad, Aadne Aasheim Andersen og Birger Clementsen

Finnøy: Henrik Halleland, Gro Skartveit og Helene Ohm

Kvitsøy: Mirjam Ydstebø, Johannes Olsen, Ingve Waage, Stein Flom Jacobsen og Andreas Polster

Mirjam Ydstebø leia møtet. Svein Helgesen var sekretær og skriv referat.

Dagsorden:

Sak 1: Presentasjon av diskusjonsnotat til 12. april: «Tjenestetilbud og myndighetsutøving»

Svein H. presenterte hovudpunkt i diskusjonsnotat som blir sendt ut og lagt til grunn for diskusjonen på neste møte, på Kvitsøy 12. april. Presentasjonen er vedlagd.

Rådmann/ordførar vidaresender i løpet av dagen notatet til resten av forhandlingsutvalet i sin kommune.

Sak 2: Diskusjon av førsteutkast til intensjonsavtale

Svein H. presenterte på lysark eit førsteutkast til tekst i intensjonsavtale. Utkastet var sendt ut på førehand. Presentasjonen er vedlagd.

Forhandlingsutvala gjekk gjennom materialet og gav kommentarar på kvart enkelt punkt. Kommentaranane blir tatt med inn i arbeidet med neste versjon, som blir lagt fram til diskusjon 12. april.

Sak 3: Nytt møte for å slutføre forhandlingane

Det vil ikkje vere mogleg å kome i mål med endeleg intensjonsavtale og avklaring av den vidare prosessen den 12. april. Forhandlingsutvalet beslutta at det skal haldast eit **siste møte på Randaberg onsdag 20. april kl. 9 – 13.**

Oppfølging:

- Svein H. er hovudansvarleg for det vidare arbeidet med dokumentet, med utgangspunkt i førsteutkast til disposisjon og innhald og innspel/kommentarar i møtet.
- Følgjande blir vurdert og inntil vidare halde ope:
 - Spørsmålet om det skal vera eit eige kapittel om Interkommunalt samarbeid, eller om dette skal integrerast i andre kapittel.
 - Spørsmålet om intensjonsavtalen skal ha med eit eige avsnitt om fordelar og ulemper, anten direkte i teksten eller som vedlegg. Ein kjem tilbake til dette i neste møte.

- Per Blikra er hovudansvarleg for å utarbeide ny versjon av kap. 3 (økonomikapitlet), med bakgrunn i kommentarane til førsteutkastet i møtet. Alle kommunane blir konsultert i prosessen. Ny versjon skal fortrinnsvis vere klar til 12. april..
- Tone Dahl, Randaberg, er hovudansvarleg for å utarbeide førsteutkast til kapittel 7 (Kommunen som arbeidsgiver), med bakgrunn i gruppearbeidet i storsamlinga. Alle kommunane blir konsultert i prosessen. Førsteutkastet skal fortrinnsvis vere klart til 12. april.
- Forhandlingsutvala i kvar kommune blir oppfordra til å prioritere og melde inn via e-post til Svein (shelge2@lyse.net) konkrete prioriteringar som kommunen er svært opptatt av å få med som delmål/ konkretisering av det overordna målet i kapitla 4, 5 eller 6.
- Ingenting er avgjort før alt er avgjort. Dokumentet skal i utgangspunktet vere ope for endringar/ justeringar heilt fram til sluttbehandlinga.

Bru, 06. 04. 2016/Svein H.